



**Hjartdal kommune**  
**Rådmannen**  
3692 Sauland

Helsedepartementet  
Einar gerhardsens pl. 3  
Postboks 8011 Dep  
0030 Oslo

Kommunenes sentralforbund  
Postboks 1378 Vika  
0114 OSLO

| Helse- og omsorgsdepartementet |                        |
|--------------------------------|------------------------|
| Saksnr.:<br>200500444          | Dok.nr.:<br>154        |
| Arkivkode:<br>500              | Journ.dato<br>15.06.05 |
| Avd.:<br>KTA                   | Saksbeh.:              |
| U.off.:                        |                        |

Dykkar ref.:

Vår ref.: 05/509-2

Arkiv: K2-G00

Dato: 27.05.2005

## **HØRING - NOU 2005:3 FRA STYKKEVIS TIL HELT - EN SAMMENHENGENDE HELSETENESTE**

Hjartdal formannskap har i møte 25.05.05 gjeve ordførar Olav Tho fullmakt til å gje følgjande høringsuttale:

Hjartdal kommune si uttale til NOU 2005:3:

### 1. Likeverde og rammevilkår.

Vi seier oss nøgd med utvalet si vektlegging av likeverd. Likeverd i samhandlingsrelasjonar forutset god kunnskap om kvarandre sine tenester, og forutsigbare økonomiske rammevilkår som stimulerer tenestenivåa til samarbeid og ikkje til oppgåveforskyving. *Det er i dag ikkje eit likeverdig system. Helseforetaka kan fakturere 1.linjetenesta for overliggedøger, men 1.linjetjenesten har ingen pressmiddel for å få tilstrekkeleg tilbod frå 2.linjetjenesta til pasientar som har behov for spesialisthelsetenester, som blant anna geriatriske pasientar og rusomsorg.*

Dette tilseier at det i betydeleg større grad enn i dag må sikrast medverknad og samhandling mellom 1. og 2.linjetjenesta om oppgåver og tenesteutøving kor det eine tenestenivået sine beslutningar medfører at andre tenestenivå får fleire oppgåver og/eller store utgifter, som for eksempel i vurderinga av utskrivingsklåre pasientar.

### 2. Prioritering av grupper

Ressurskrevjande pasientar må få auka status i 2.linjetjenesta (for eksempel sjuke eldre og kronikarar). Dagens finansieringssystem til sjukehusa fordreier helsebehandlingsbildet.

### 3. Lokal sjølvråderett

Den lokale sjølvrådetretten må sikrast og ikkje svekkast, og det må takast omsyn til at kommunane er svært ulike i forhold til befolkning og alderssamansetting, og dermed også i teenesteprofil.

### 4. Pasient- og brukarrettigheter

|             |             |                 |  |                 |
|-------------|-------------|-----------------|--|-----------------|
| Telefon     | Telefaks    | Direkte telefon | E-post   | Organisasjonsnr |
| 35 02 80 00 | 35 02 80 01 | 35 02 80 10     | <a href="mailto:postmottak@hjordal.kommune.no">postmottak@hjordal.kommune.no</a> | 00964963649     |

Utvalet fremjar fleire forslag om å styrke rettighetslovgjevinga, blant anna ved forslag om å utvide pasientombudsordninga, og en sterkare lovfesting av brukardeltakinga. Vi trur at tilstrekkelege ressursar til å løyse pålagde oppgåver er betre enn ei styrka rettighetslovgiving. Etter vår meining er dagens ordning med rettigheter gjennom pasientlovgiving tilstrekkeleg, og at pasientombud også for kommunane vil bidra til meir "advokatmat" (auka kostnader for pasientane), pålagt administrasjon (fleire planer og meir rapportering), auka byråkrati (meir papir) og fleire tilsyn. Det er ressurskrevjande for kommunane å stadig måtte søkje/rapportere for å få økonomiske ressursar til utviklingsarbeid.

#### 5. Styrka pasientopplæring

Dette prinsippet gjelder også brukarmedverknad. Det er viktig at innbyggjarane ikkje blir gissel eller symbol for kommunar og/eller faggrupper, men at det er opp til kvar kommune å finne gode lokale løysingar som styrkjer brukarperspektivet. Vi sluttar oss til utvalet sitt forslag om å styrke pasientopplæringa og dermed hjelp til sjølvhjelp.

#### 6. Pasientansvarleg lege

Ordninga med pasientansvarleg lege i 2.linjetjenestea må oppretthaldast og forsterkast, og ikkje svekkast slik utvalet foreslår. Dette er serlig viktig for pasientar med sammensette problem, og som vekslar mellom fastlege, sjukehus og kommunehelsetjenester. Ordningea med pasientansvarleg lege bør også utvidast til pasientansvarleg sjukepleiar, og turnussystem bør i større grad enn i dag tilpassast brukarane sine behov for kontinuitet.

#### 7. Statlig ansvar for et heilheitlig IKT system

Godt samarbeid mellom pasient og dei ulike tenestenivå forutset eit velutvikla og framtidretta elektronisk informasjonssystem. Staten må rydde opp i dei ulike pasientopplysningssystema og prioritere dette arbeidet. Fragmentert ansvar og mange ulike fagpersonar å forholde seg til, er ein av de største kvalitetsutfordringane i helsetenesta både i 1. og 2.lina.

Med helsing

Olav Tho  
Ordførar

*Ingebjørg Landsverk*  
Ingebjørg Landsverk  
Sekr.